



# Sunnfjord kommune

## Møteprotokoll

---

<b>Utval:</b>	Fellesnemnd for Sunnfjord kommune
<b>Møtestad:</b>	Naustdal barne- og ungdomsskule
<b>Dato:</b>	31.01.2018
<b>Tid:</b>	Kl. 10:00

---

<b>Medlemmer:</b>	<b>Parti</b>
Anita Eide Kvamme	Ap
Annlaug Birkeland	Ap
Håkon Myrvang	Ap
Ivar Svensøy	Ap
Kari Valle	Ap
Anders Kristian Sægrov	H
Mathias Råheim	H
Olve Grotle	H
Bjørn-Harald Haugsvær	KRF
Norunn Lunde Furnes	KRF
Erlend Haugen Herstad	SP
Kari Iren Birkeland	SP
Oddmund Klakegg	SP
Ole Johnny Stubhaug	SP
Reidun Støfring	SP
Jakob Andre Sandal	SV
Turid Vallestad	SV
Gunn Merete Paulsen	V

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>	<b>Parti</b>
Åsmund Berthelsen	SV		

<b>Andre:</b>	
Atle Fasteland	Rådmann Gaular kommune
Ellen Jensen	Rådmann i Jølster
Malin Solheim Moldestad	
Ole John Østenstad	Prosjektleiar
Øystein Høyvik	Prosjektkoordinator
Øyvind Bang-Olsen	Rådmann Naustdal kommune

<b>Merknader:</b>	
<b>Møteleiar:</b>	Olve Grotle (H)
<b>Orientering:</b>	
<b>Grunngjeve spørsmål/</b>	
<b>Interpellasjon:</b>	
<b>Synfaring:</b>	

**Underskrifter:**

\_\_\_\_\_  
Olve Grotle s.

\_\_\_\_\_  
Anita Eide Kvamme s.

\_\_\_\_\_  
Bjørn-Harald Haugsvær s.

\_\_\_\_\_  
Ole John Østenstad s.

## Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/18	Orienteringssaker 31.01.2018
002/18	Budsjett for samanslåingsprosessen 2017 - 2019
003/18	Fråsegn til fylkesmannen om kommunane sine budsjett og økonomiplanar
004/18	Kommunikasjonsplan
005/18	Referatsaker
006/18	Framlegg frå Senterpartiet: politisk arbeidsgruppe

## 001/18: Orienteringssaker 31.01.2018

### **Prosjektleder sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringssakene vert tatt til vitande.

### **Handsaming i Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 31.01.2018: Samrøystes vedtak**

#### **Vedtak i FENEMND - 001/18:**

Følgjande orienteringssaker vert teke til vitande:

- Informasjon frå Bondelaget v/Arild Herstad
- Informasjon om Naustdal kommune som samfunn og organisasjon v/Håkon Myrvang, elevrådsleiar Odin og nestleiar Agathe ved Naustdal barne- og ungdomsskule og rektor Gunn Marit Haugsbø
- Informasjon frå prosjektleder/rådmann Ole John Østenstad
- Nytt frå kommunane som har relevans for ny kommune v/ordførar
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø v/Lise Toverud (oppvekstnettverket)

## 002/18: Budsjett for samanslåingsprosessen 2017 - 2019

### **Prosjektleder sitt framlegg til vedtak:**

Budsjett for samanslåingsprosessen jf. saksutgreiing datert 06.12.17 blir vedteken.

Prosjektleder får fullmakt til mindre budsjetjusteringar, større endringar skal leggjast fram for fellesnemnda til orientering.

### **Handsaming i Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 13.12.2017:**

Fellesnemnda fremja følgjande framlegg til vedtak:

"Saka vert utsett"

#### **Avrøysting:**

Utsetjingsframlegget vart **samrøystes vedteke**

#### **Vedtak i FENEMND - 44/17:**

Saka vert utsett

### **Handsaming i Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 31.01.2018:**

**Ap, Sv og Sp** v/Erlend Haugen Herstad fremja følgjande tilleggsframlegg om partistøtte:

"Eingongsstønad for dei politiske partia i Sunnfjord kommune i 2018:  
300 000,- finansiert på reservepott

Partistøtta blir utbetalt slik:

7 500 kr blir gitt som grunnsum til kvart parti i Sunnfjord kommune, deretter blir restsummen fordelt etter partistørrelse i kommunevalet. Partia må fortrinnsvis sjølv fordele støtta

innbyrdes om det er ynskje om det, mellom dei kommunevise partilaga

Finansiering:

Reservepotten blir redusert til 350 000,- i 2018 og i 2019. totalsummen blir 700 000,-  
Posten partistøtte blir på 300 000,- i 2018"

Det vart fremja eit nytt fellesframlegg:

"Eingongsstønad for dei politiske partia i Sunnfjord kommune i 2018 - 300.000,- kr finansiert på reservepott.

Fordelinga mellom partia blir å komme tilbake til i samband med rullering av budsjettet."

**Avrøysting:**

Fellesframlegget "Eingongsstønad for dei politiske partia i Sunnfjord kommune i 2018: - 300.000,- kr finansiert på reservepott. Fordelinga mellom partia blir å komme tilbake til i samband med rullering av budsjettet" vart **samrøystes vedteke**

Rådmannen sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

**Vedtak i FENEMND - 002/18:**

Budsjett for samanslåingsprosessen jf. saksutgreiing datert 06.12.17 blir vedteken.

Prosjektlear får fullmakt til mindre budsjettjusteringar, større endringar skal leggest fram for fellesnemnda til orientering.

Eingongsstønad for dei politiske partia i Sunnfjord kommune i 2018 - 300.000,- kr finansiert på reservepott.

Fordelinga mellom partia blir å komme tilbake til i samband med rullering av budsjettet.

<b>003/18: Fråsegn til fylkesmannen om kommunane sine budsjett og økonomiplanar</b>
---

**Prosjektlear sitt framlegg til vedtak:**

1. Fellesnemnda for Sunnfjord kommune tar årsbudsjetta og økonomiplanar for kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal til orientering.
2. Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med målsetjingane i intensjonsavtalen for den nye kommunen.
3. Fellesnemnda meiner at dei vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester, men er uroa over det økonomiske handlingsrommet i kommunane. Fellesnemnda vil oppmode kommunane å gjere nødvendige tiltak for å sikre at kommunane sine langsiktige driftsutgifter er betre tilpassa kommunane sine langsiktige driftsinntekter.
4. Fellesnemnda ber prosjektlear utarbeide forslag til skuggebudsjett/-økonomiplan for Sunnfjord kommune for handsaming i fellesnemnda første halvår 2018.
5. Fellesnemnda vil be kommunane nytte felles og like føresetnader i det økonomiske planarbeidet fram til ny kommune er etablert.

## **Handsaming i Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 31.01.2018: Samrøystes vedtak**

### **Vedtak i FENEMND - 003/18:**

1. Fellesnemnda for Sunnfjord kommune tar årsbudsjetta og økonomiplanar for kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal til orientering.
2. Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med målsetjingane i intensjonsavtalen for den nye kommunen.
3. Fellesnemnda meiner at dei vedtekne investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester, men er uroa over det økonomiske handlingsrommet i kommunane. Fellesnemnda vil oppmode kommunane å gjere nødvendige tiltak for å sikre at kommunane sine langsiktige driftsutgifter er betre tilpassa kommunane sine langsiktige driftsinntekter.
4. Fellesnemnda ber prosjektleiar utarbeide forslag til skuggebudsjett/-økonomiplan for Sunnfjord kommune for handsaming i fellesnemnda første halvår 2018.
5. Fellesnemnda vil be kommunane nytte felles og like føresetnader i det økonomiske planarbeidet fram til ny kommune er etablert.

### **004/18 Kommunikasjonsplan**

#### **Prosjektleiar sitt framlegg til vedtak:**

Fellesnemnda vedtek kommunikasjonsplan for prosjektperioden.

## **Handsaming i Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 31.01.2018: Samrøystes vedtak**

### **Vedtak i FENEMND - 004/18:**

Fellesnemnda vedtek kommunikasjonsplan for prosjektperioden.

### **005/18: Referatsaker**

#### **Prosjektleiar sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert teke til vitande

## **Handsaming i Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 31.01.2018:**

## Samrøystes vedtak

### Vedtak i FENEMND - 005/18:

Følgjande referatsaker vert teke til vitande:

- Ang fråsegn om nedlegging av asylmottak
- Reglement for godtgjersle og frikjøp under samanslåing av Sunnfjord kommune

<b>006/18:</b> Framlegg frå Senterpartiet: politisk arbeidsgruppe
---

### Handsaming i Fellesnemnd for Sunnfjord kommune 31.01.2018:

Under møtet fremja **Senterpartiet** v/Erlend Haugen Herstad følgjande framlegg til ny sak:

"Fellesnemnda ber prosjektleiar legge fram ei eiga sak til Fellesnemnda der ein drøftar behov og eventuelt mandat for ei politisk arbeidsgruppe med føremål å førebu saker for Fellesnemnda, særleg i høve den administrative organiseringa av Sunnfjord kommune."

Under avrøysting var det ingen som motsette seg realitetshandsaming av saka.

Håkon Myrvang (**Ap**) fremja eit utsetjingsframlegg:

"Saka vert utsett"

### Avrøysting

Utsetjingsframlegget vart **vedteke med 11 røyster**

### Vedtak i FENEMND - 006/18:

Saka vert utsett